

Internt notat

Til: Styret i Helse Møre og Romsdal HF.

Frå: Dag Hårstad.

Dato: 25.2.2015

Kopi: Helse Midt-Norge RHF.

Ref:

Emne: Utnemning av prosjektstyret - Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal SNR.

Notatet omfattar konstituert administrerande direktør i HMR HF, Dag Hårstad si utnemning av prosjektstyret til prosjektgjennomføring av Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal SNR, under dette nytt felles akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal lokalisert på Hjelset i Molde kommune og poliklinisk senter/DMS lokalisert i Kristiansund kommune.

1. Grunnlag for utnemning av prosjektstyret.

I HMR HF styresak 2013/82 *Organisering av tidlegfasen – nytt felles akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal*, vart det vedteke at Helse Møre og Romsdal HF skulle nytte Helsebygg Midt-Norge til alle større byggeprosjekt i føretaket. I dette styresaka følgde saksutgreininga frå styresak med same tema i Helse Midt-Norge RHF, og HMR HF slutta seg til prinsippa i denne saka.

Det har gjennom heile 2014 og seinast i møte 13. januar 2015 vore dialog mellom Helse Møre og Romsdal HF og Helsebygg Midt-Norge/ Sjukehusbygg HF, der roller og ansvar, organisering og framdrift i forhold til konseptfasen har vore diskutert. Helsebygg Midt-Norge er i desse dagar i ferd med å bli verksemdsoverdrege til det nyetablerte Sjukehusbygg HF. I nøkkelposisjonane i Sjukehusbygg HF set same personane som var i Helsebygg Midt-Norge, så dialogen vert vidareført på ein god måte.

I styrevedtaket til HMR HF er det presisert at ein ønskjer prosjektorganisasjonen etablert i innan januar 2015.

I styrevedtaket HMN RHF er det presisert at adm. dir. i HMN har fullmakt til å følgje opp etableringa av prosjektorganisasjonen i tråd med tidlegare vedtak, og at Sjukehusbygg HF skal ta over gjennomføringsansvaret for SNR f.o.m. «Konseptfasen».

Frå styreprotokoll HMN: *Sak 83/2014 Nytt sykehus i Nordmøre og Romsdal SNR*

[....]

6. *Styret for Helse Midt-Norge RHF gir sin tilslutning til at planleggingen av nytt Sykehus i Nordmøre og Romsdal videreføres i en konseptfase. Styret forutsetter at Helse Møre og Romsdal HF oppretter et Prosjektstyre snarest i tråd med tidligere vedtak. Helsebygg Midt-Norge/ Sykehusbygg HF overtar gjennomførings-ansvaret for prosjektet ved oppstart av Konseptfasen.*

[....]

2. Utneimning av styret.

I tråd med styrevedtak i Helse Midt-Norge RHF og Helse Møre og Romsdal HF, utnemner med dette konst. adm. dir. Dag Hårstad følgjande prosjektstyre for SNR.

Namn	Funksjon	
Espen Remme	Styrelciar	Utnemnt av adm. dir. HMR HF
Ingard Nicolai Nilsen	Nestleiar	Utnemnt av adm. dir. HMR HF
Dagne Hordvei	Styremedlem	Utnemnt av adm. dir. HMR HF
Jan Eirik Thoresen	Styremedlem	Utnemnt av adm. dir. HMN RHF
Kjersti Bergjord	Styremedlem	Utpeika av tilsette i HMR HF

3. Kort CV presentasjon av prosjektstyret.

<i>Espen Remme</i>	
Stilling	Strategi og utviklingsdirektør, Helse Møre og Romsdal HF
Utdanning	
Ergoterapeut, Høgskolen i Oslo Administrasjon og ledelse/ veiledningspedagogikk, Høgskolen i Ålesund MBA – Master i strategisk ledelse - NHH	
Erfaring	
<ul style="list-style-type: none">▪ Muritunet – Senter for Meistring og Rehabilitering, ulike lederstillinger, 6 år som adm. dir.▪ Ski kommune, avdelingsleder rehabiliteringsavdelingen.▪ Sintef MRB, senior bedriftsrådgiver.▪ Helse Møre og Romsdal HF, Strategi og utviklingsdirektør.▪ Diverse styreverv fra offentlig og privat verksemd.	

<i>Ingard Nicolai Nilsen</i>	
Stilling	Prosjektdirektør, Avinor/Oslo Lufthavn
Utdanning	
Siviløkonom, NHH.	
Erfaring	
Kløver Sundt konsernet – It avd, deretter direktør for detaljhandelsvirksomheten SAS – Fraktsjef Norge, deretter sjef for salg, frakt og stasjonsvirksomheten i Bergen Kværner Fjellstrand – Direktør forretningsutvikling Hurtigbåter	

Luftfartsverket og Oslo Lufthavn:

- Områdedirektør for Hordaland, Sogn og Fjordane 1992 – 1995
- Lufthavnsjef Fornebu 1995 – 1998, samtidig viseadministrerende direktør Oslo Lufthavn med ansvar for driftsforberedelser for den nye flyplassen på Gardermoen. Satt i ledergruppen for utbyggingsprosjektet på Gardermoen.
- Administrerende direktør Oslo Lufthavn 1999 – 2014. I denne perioden styreleder for Oslo Lufthavn Eiendom som har bygget og forvaltet to hotellbygg, et kontorbygg og et P-Hus på Gardermoen. Prosjektstyreleder for utbyggingsprosjektet på Gardermoen siden 2011
- Prosjektdirektør Avinor/Oslo Lufthavn. – 2014 - Prosjektstyreleder for utbyggingsprosjektet på Oslo Lufthavn, Prosjektstyreleder for utbyggingsprosjektet på Bergen Lufthavn Flesland, leder av Avinor-intern styringsgruppe for mulig ny flyplass i Mo I Rana. (oppdrag fra Samferdselsdep.)
- Prosjektet på Gardermoen har et utbyggingsbudsjett på NOK 14.050 mill og tilsvarende i Bergen er det på NOK 4.200 mill. Begge prosjekter er store og krevende mht økonomi og fremdrift. Prosjektet på Gardermoen er spesielt krevende mht samtidig utbygging og drift av flyplassen.

Dagne Hordvei

Stilling	Ansvarlig for Norges Røde Kors' gjenoppbyggings prosjekter etter tsunamien i Asia.
----------	--

Utdanning

Hordvei er utdannet sivilingeniør fra NTH med en rekke påbyggingsfag innen ledelse, økonomi og prosjektledelse.

Norwegian Institute of Technology, Master, Chemical engineering, 1975 – 1979

Erfaring

Frem til mars 2008 var hun nestleder og seksjonsleder logistikk i Norges Røde Kors, beredskapsavdelingen. Hordvei har også erfaring som Avdelingsdirektør i selskapet Prosjekt og Teknologi Ledelse (PT L) fra 2003 til 2005. Hordvei deltok i flere utbyggingsprosjekter for offshore og landanlegg i Statoil fra 1983 til 2000 som prosjektleder, kontaktansvarlig og ansvarlig for sikkerhet.

Head of Programme, SOS barnebyer, september 2012 – Nåværende (2 år 6 måneder)Oslo-området, Norge

Recovery Coordinator, Norwegian Red Cross, juni 2011 – september 2012 (1 år 4 måneder)

Deputy Director, International department, Norwegian Red Cross

Roede kors, januar 2006 – mars 2008 (2 år 3 måneder)Norwegian Red Cross

Jan Eirik Thoresen

Stilling Assisterende eierdirektør, Helse Midt-Norge RHF

Utdanning

Lege, UiO
Spesialist kirurgi/gastrokirurgi
MBA – Mastergrad i ledelse, UiO

Erfaring

- Kirurg og avd. overlege, Regionsykehuset i Trondheim
- Medisinsk Sjef, RiT 2000
- Kst. AD, St. Olavs Hospital/ Helse NT
- Fagdirektør, Helse Midt-Norge
- Adm. dir., Helse Midt-Norge
- Viseadm. Dir., OUS
- Kst. Adm. dir., OUS.
- Styrevern, flere HF MN/Helsebygg MN
- Styremedlem, Akershus Universitetssykehus
- Styremedlem, Nasjonal IKT HF
- Nestleder, styret Sykehusbygg HF

Kjersti Bergjord

Stilling Overlege anestesi, Helse Møre og Romsdal HF

Utdanning

1997 Can. Med., UiTØ
2007 Spesialist i anesthesiologi

Erfaring

- 1997-1998 Turnuslege, Molde sykehus
- 1998 Turnuslege, Haram kommune
- 1999-2002 Ass. Lege, Anestesiavd Ålesund sjukehus
- 2002-2004 Ass. lege Anestesiavd, Haukeland Universitetssykehus
- 2005 Ass. lege Barneavd., Ålesund sjukehus
- 2007 - dd. Overlege, anestesiavd. Ålesund sjukehus, hvorav avd.sjef i perioden 2007-2010.
- Leder i spesialitetskomiteen i anesthesiologi fra 01.01.14.
- Tillitsvalgt for Of ved avdelingen fra 2011.

4. Styrehonorar.


Opprettinga av prosjektstyret byggjer på saksutgreiing og styrevedtak i Helse Midt-Norge RHF og Helse Møre og Romsdal HF. Sykehusbygg HF er under etablering. Styrehonorar for prosjektstyret i SNR vil følgje det nivået Sykehusbygg HF legg seg på i forhold til sykehusprosjekter av denne storleik/ kompleksitet.

5. Organisering og rapportering

Prosjektstyret i SNR er eit internt arbeidsorgan for adm. dir. i gjennomføringa av SNR, og er såleis ikkje eit føretaksstyret.

Følgjande organisasjonsplan ligg til grunn for prosjektarbeidet SNR. Denne modellen vil kunne bli justert undervegs.

Prosjektorganisasjon SNR



Arbeidet som prosjektstyret og prosjektet utfører på overordna nivå vil verte lagt opp som fast rapporteringspunkt i styremøta i Helse Møre og Romsdal HF. Overordna planar og avgjerder vil vere styresaker i føretaksstyret, basert på førebuing i prosjektstyret og ytterlegare saksførebuing og presentasjon av adm. dir. i HMR HF. Sjølve prosjektstyrearbeidet er eit internt forhold som ikkje er offentleg opent - men overordna saker knytt til organisering, framdrift, økonomi og kvalitet, vil gjennom rapportering til føretaksstyret gjennom adm. dir. verte gjort offentleg. Ein vil halde organisasjonen internt løpande oppdatert på prosjektutviklinga.